



Ein rundtur gjennom heile øyriket Bømlo kan krevja meir enn ein dag. Ein må difor velja ut kva ein vil sjå og laga sin eigen tur ut frå reiserute, avstander og stader ein vil vitja. Og så kan ein sjølvsagt bruka 2 dagar.

It can easily take more than a single day to cover all the islets and islands around Bømlo. We recommend that you plan your route based on your personal wishes and interests - or of course take in the full splendour of the area over two days!



Foto: Brynjar Stautland



Bømlo kommune er eit øyrike med om lag 10.500 innbyggjarar. Her har vore busetting sidan steinalderen. Folket har til alle tider vore knytt til sjøen. I dag er det skipsfart, fiske, fiskeoppdrett og høgteknologiske verksemder knytt til det maritime miljø som pregar næringslivet.

The district of Bømlo is a community of small islands comprising some 10.500 inhabitants. The first inhabitants came in the stone age and since then the population has always been dependent on the sea for its livelihood. Shipping, fishing, fish farming and high-tech marine oriented industries typify modern day Bømlo.



Avstander/Distances:

Bergen-Halhjem	34 km
Halhjem-Sandvikvåg, ferje/ferry	50 min.
Sandvikvåg-Sagvåg	26 km
Sagvåg-Siggjarvåg, ferje/ferry	10 min.
Siggjarvåg-Ekornsæter	5 km
Ekornsæter-Rubbestadneset	7 km
Rubbestadneset-Svortland	6 km
Svortland-Brandasund	15 km
Svortland-Sakseid	11 km
Sakseid-Langevåg	22 km
Sakseid-Håvik	6 km
Sakseid-Tormodsæter	3 km
Tormodsæter-Ekornsæter	4 km
Håvik-Mosterhamn	8 km
Mosterhamn-Siggjarvåg	12 km

Reiserute

Frå Bergen E39 til Os og Halhjem. Ferje Halhjem-Sandvikvåg, 50 min. Avgang kvar heile time. Frå Sandvikvåg E39 i 400m, til høgre på Rv545 til Fitjar og vidare til Sagvåg. I Sagvåg følgjer vi skilt Siggjarvåg m/ferjesymbol, ferje ca. kvar 40 min., ferjetid 15 min. Frå Siggjarvåg kører vi Rv542 nordover forbi Foldrøy mot kommunestret Svortland på Bremnes. (Etter ca. 7 km kryss kor ein kan ta avstikkar til Rubbestadneset (1), ca. 3 km.)

Route

Leave Bergen on the E 39 to Os and Halhjem. Take the ferry from Halhjem to Sandvikvåg, a 50 min. trip. Departures on the hour. Follow the E39 for 400 metres, turn right on Rv 545 to Fitjar, carry on to Sagvåg and follow the ferry signs to Siggjarvåg, (every 40 min). 15 min. ferry crossing. Follow Rv 542 from Siggjarvåg north, past Foldrøy towards Svortland Community Centre at Bremnes (There is a crossroads at around 7 km where you can take a side trip (3 km) to Rubbestadneset (1)).



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

Like før kommunesentret tar vi av til høgre mot Urangsvåg (2) og tar fatt på den storslalte vegstrekninga med bru til Goddo og seinare over 4 bruer som bind øyane saman fram til Brandasund (3). Retur same vegen til Bremnes og kommunesentret Svortland (4). Herifrå følgjer vi skilt mot Sakseid til avkjøring mot Langevåg, Rv541. Denne vegen tar oss forbi Finnås m/Kulleseidkanalen (5) og til Lykling (6) Etter Lykling passerer vi Grutle (7) på vår veg vidare mot Langevåg. (8). (Frå Langevåg kan ein køyre til Eidesvik, der det går hurtigbåt til Espenvær (9) 4-8 gonger dagleg.)

Retur til Sakseid der vi tar av til høgre mot Håvik. (Denne vegen blir ikkje tilrådd for store køyretøy, desse bør ta til venstre mot Tormodsæter, her tar ein til høgre mot Rubbestadneset, i krysset på Ekornsæter til høgre mot Mosterhamn.)

I krysset ved Håvik følgjer vi skilt til Mosterhamn (11) og krysser Røysundkanalen (10)

Frå Mosterhamn retur til Siggjarvåg.

Turn right at the Community Centre to Urangsvåg (2) and take the scenic route over the first bridge to Goddo, carry on to Brandasund (3), over a series of 4 more bridges linking the islands.

Return by the same route to the Svortland Community Centre at Bremnes (4). Follow the signs to Sakseid but turn off towards Langevåg, Rv 541. The road takes you to Finnås and the Kulleseidkanalen (5) and further on, Lykling, (6). After Lykling you drive through Grutle (7) on the way to Langevåg, (8).

(From Langevåg you can drive to Eidesvik and then take the express boat to Espenvær, (9), 4-8 departures daily.)

Return to Sakseid and turn right to Håvik. (Narrow road, not recommended for larger vehicles which should turn left to Tormodsæter, then right to Rubbestadneset, and right again to Mosterhamn at the Ekornsæter crossroads).

Follow the signs to Mosterhamn (11) at the Håvik crossroads. You cross the Røysundkanal (10) on the way.

Return to Siggjarvåg from Mosterhamn

Stader og ymse av interesse.

(1) Tettstaden Rubbestadneset, populært bustadområde, basert på hjørnestensbedrifta Wärtsilä NSD Norway og fleire mindre høgtknologiverksemder. Wichmann-smia er eit museum over utviklinga av den kjende Wichmann-motoren. Daglegvare, bank, post, hotell, kafeteria.

(2) Urangsvåg, ein liten tettstad ved sjøen, med krambu, kystmiljø, sjø- og fiskeutstyr.

(3) Brandasund er eit levande lite kystsamfunn med 2 krambuer. På den eine sida E. Johnsen & Sønner AS, på den andre sida Skjeret Landhandel eller «Nillo på Skjeret». Begge plassene får ein kjøpt nysteikte boller og kaffi. Her er flotte utsiktspunkt til havet og Slåtterøy fyr, gode rasteplassar, fiskeplassar og turstiar.

(4) Bremnes er fellesbetegnelsen på midtre Bømlo. Svortland er administrasjons- og handelssentret i kommunen og ligg vakkert til ved Storavatnet. Svært godt utvalg i butikkar og tjenester, bensin, hotell, fleire kafeteriaer.

(5) Finnås er området på begge sider av Kulleseidkanalen, som sto ferdig ved årsskiftet 1855/56. Kanalen vart bygd som ei hjelpebane til fiskebåtane under vårsildfisket og bind saman aust- og vestsida av Bømlo. Daglegvarer, bensinstasjon, marina. Somarhotell på Olavskulen Folkehøgskule. Kulleseid telegrafstasjon. Etter det ein veit i dag, det fyrste større huset som Den norske Statstelegraf bygde for eiga rekkning. Museum ope for publikum etter avtale.

(6) Gullfunn på Lykling i 1880-åra utløyste eit gullrush utan sidestykke i Norge. Totalt er det funne ca. 140 kg gull. Gullgruveområdet er stort i utstrekning og det blir tilrådd guide for å få utbyte av soga. Det er framleis mogeleg å grava etter gull, etter avtale på førehand.

(7) Grutle byr på flott utsyn over havet i vest, og ei ekte krambu frå 1939, framleis i drift.

(8) Langevåg er ein av tettstadene på Bømlo, med handel, bank, post og bensinstasjon. Verd å sjå er Bømlo gamle kyrkje frå 1621, Hilleborgstova frå 1827 og Fridtun frå 1845.

(9) Espenvær er eit eineståande lite øysamfunn ute i havet. Husa ligg tett i tett inne i sundet, i le for havråk og vindar. Tidlegare var Espenvær det største fiskeværet i Bømlo, med opptil 30.000 fiskarar under storsildfisket i 1850-åra. Hummerparken, som vart bygd i 1887, vart restaurert i 1994 og er eit unikt kulturminne. Ein kan gå tur til «Ufo-ringen», oppdagd i 1975 og ennå tydeleg. Baadehuset, bygd i 1850 på gamle steinmurar frå 1690, er i dag museum. Butikk og kafe.

(10) Røysundkanalen er ein naturleg kanal for småbåtar, og skiljer Moster frå det øvrige Bømlo. Her ligg Skogbu Turisthotell og Badelandssenter.

(11) Mosterhamn er ei kulturperle med Moster gamle kyrkje (ca. 1100) og Moster Amfi, eit storstilt utandørs amfi, laga i eit nedlagt kalksteinsbrot. I 995 kom Olav Tryggvason seglande til Moster for å krevja landet og kristna Norge. I Moster Amfi finn me Senter for religions- og kirkjehistorie, med utstillinga «Frå heidendom til kristendom» og biletspellet «1000 år - ei messe». Mosterhamn har butikkar, kafeteria, bensinstasjon, bank, post.

Places of interest and attractions:

(1) **Rubbestadneset**, a popular residential area, based on the corner stone industry Wärtsilä NSD Norway and a number of smaller high-tech companies. The Wichmann Blacksmiths Museum celebrates the development of the world famous Wichmann marine engines. Amenities: General store, bank, post office, hotel, cafe.

(2) **Urangsvåg**, a hamlet by the sea with its country store, coastal atmosphere, boating and fishing tackle.

(3) **Brandasund** is a small but lively coastal community with two fascinating old village shops, one on each side of the bay. Get some home made buns and coffee and enjoy the fine ocean views including the Slåtterøy lighthouse. Well kept lay-bys, excellent fishing venues and lovely walks.

(4) The group of communities making up central Bømlo is called **Bremnes**. The administrative and trade centre is Svortland, idyllically located by Storavatnet. Many first class shops, a service station, a hotel and several cafeterias.

(5) **Finnås** lies on both sides of Kulleseidkanalen, a shipping channel linking east and west Bømlo. Built as an aid for the spring herring trawlers it was finished in 1856. There is a summer hotel at St. Olavs School and Finnås also offers shops, a petrol station and a marina. Visit the Kulleseid Telegraph Station Museum, one of the earliest of its kind in Norway.

(6) **GOLD!** Norway's biggest gold rush took place at **Lykling** in the 1880's. A total of 140 kgs. has been found. You're advised to hire a guide if you want the full history as the mine is quite large - and you need prior permission if you're going prospecting!

(7) **Grutle** offers fabulous views of the sea and a genuine village store from 1939.

(8) **Langevåg** is one of Bømlo's urban residential areas. Don't miss out on the old Church (1621), the Hilleborgstova from 1827 and Fridtun, 1845. Stock up on supplies and tank up the car while you're here.

(9) **Espenvær** - a unique little island community in the North Sea. The houses huddle together in the sound, protected from the ravages of the sea and storms. Once the largest fishing community in Bømlo, with up to 30,000 fishermen in the rich herring years of the 1850's. Hummerparken, built in 1887 and restored in 1994, is a unique cultural monument. Take a walk to the «UFO ring» which mystically appeared in 1975 and can still be clearly seen. The old Baadehuset, built in 1850 on old stone walls dating from 1690, is now a museum. Shops and a cafe.

(10) **Røysundkanalen** is a natural channel for small boats and divides Moster from the rest of Bømlo. You will find Skogbu Tourist Hotel and Badelandssenter here.

(11) **Mosterhamn** is a cultural pearl, offering the early 12th century church and the ancient Moster Amfi, a fantastic outdoor amphitheatre built into an abandoned limestone pit. Olav Tryggvason sailed into Moster in 995 to claim the Kingdom and christen Norway. The Moster Amfi houses the Centre for Religion and Church History, and the exhibitions «From Heathendom to Christianity», and the audio-visual experience «1000 Years - One Service». Mosterhamn has a variety of shops, a cafeteria, a petrol station, a bank and a post office.